

Bacheloroppgåve

## **Nærtur og samskaping**

Ein kvalitativ studie om samarbeid mellom offentleg og frivillig sektor for tilrettelegging av nærtur

Mona Kleppe Skåden

Planlegging og administrasjon

IPA210A

2020

Tal ord: 10401



HØGSKULEN  
I VOLDA

# Innhold

Forord .....	2
1. Innleiing.....	3
1.1 Bakgrunn for val av tema.....	4
1.2 Problemstilling.....	5
1.3 Kontekstuell forankring .....	6
2. Teori og litteraturkapittel.....	7
2.1 Folkehelse.....	7
2.2 Folkehelsearbeid .....	8
2.2.1 Med fokus på friluftsliv.....	9
2.3 Samordning.....	10
2.4 Samskaping.....	12
2.5 Oppsummering .....	13
3. Metode.....	13
3.1 Undersøking i forkant.....	14
3.2 Kvalitativ og kvantitativ metode.....	14
3.4 Intervju og intervjuguide.....	16
3.3 Intervjuobjekt .....	17
3.5 Gjennomføring .....	17
3.6 Validitet og reliabilitet.....	18
4. Empiri .....	19
4.1 Offentleg sektor si rolle .....	19
4.1.1 Aktør 1 Miljøvernleiar og folkehelserådgjevar.....	19
4.1.2 Aktør 2 Plan og næringssjef .....	21
4.2 Frivillig sektor si rolle .....	23
4.2.1 Aktør 3 Turlaget .....	23
4.2.2 Aktør 4 Idrettslag .....	24
4.3 Aktør 5 Reiselivsfirma- prosjekt.....	25
4.4 Privat sektor - Aktør 6 Turløype .....	25
4.5 Oppsummering av empiri .....	26
5. Drøfting.....	27
5.1 Folkehelsearbeid .....	27
5.2 Samordning og samskaping .....	28
6. Konklusjon.....	32

7. Referanser.....	33
Vedlegg- intervjuguide 1.....	35
Vedlegg- intervjuguide 2.....	35
Vedlegg- intervjuguide 3.....	36
Vedlegg- intervjuguide 4.....	36

Denne oppgåva har vore ein spennande og utfordrande prosess, men også svært lærerik. Å gjennomføre ei slik undersøking har gitt meg ny lærdom og eg sit igjen med ei breiare forståing om det aktuelle temaet.

Med dette vil eg takke alle mine informantar som har vert positive og tatt seg tid til å dele sine refleksjonar og erfaringar med meg.

Stor takk til rettleiaren min Grethe Mattland Olsen som har vert til god hjelp undervegs både med kommentarar, råd og raske tilbakemeldingar.

## 1. Innleiing

Det å vere i fysisk aktivitet blir råda av dei fleste helsemyndigheiter, der blant anna Helsedirektoratet anbefala at ein voksen person skal vere minst 150 minutt i fysisk aktivitet per veke. Av desse minutta inneberer 75 minutt med høg intensitet. Kartleggingar viser at berre 1 av 3 oppfyller dette kravet. Mange av Noregs befolkning er altså for lite aktive i kvardagen og sit for mykje i ro (Statistikk om fysisk aktivitetsnivå og stillesitting, 2020).

Korleis kan friluftsliv spele ei viktig rolle her? Dette er viktig på mange område og ein av grunnane er at det har stor påverknad på helsa blant folk. Faktorane går ein nærare inn på seinare. For at folk skal vere meir aktive og bevege seg meir i naturen, er det derfor viktig at ein har nærheit til for eksempel naturen og gode moglegheiter for å vere i fysisk aktivitet (Friluftslivet i et folkehelseperspektiv, 2020)

I denne oppgåva blir omgrepet nærtur brukt i mange samanhengar. I denne samanhengen betyr nærtur gåturar i nærmiljøet og som er lett tilgjengelege. Det skal vere lett å kome seg til startpunktet og ein skal helst sleppe å køyre langt for å nå nærturane (Skjeggedal, Vistad, & Thorèn, 2019). Nærtur er eit vidt omgrep og i følgje rapporten «Planlegging for nærtur» ser ein på nærtur som både friluftsliv, transport, folkehelse og arealbruk. Friluftsliv er ei form for nærtur og blir ofte oppfatta som gåtur på turveggar og turstiar i «grønt-område». I eit bygdesamfunn som denne oppgåva dreier seg om, handlar det om at moglegheitene finnast nærast rett utanfor trappa, og at skogsveggar, setreveggar og stiar blir opparbeide slik at ein lett kan ta seg frå sentrumsområde og byggefelt og ut i skog og mark. Dette skal også vere noko «alle» kan gjere uavhengig av sosial klasse. Nærtur inneberer også transport. Sjølv i eit bygdesamfunn er det ikkje alle som kan gå frå trappa si og rett ut i naturen. I mange tilfelle startar nærturen «i det grå», at ein må ferdast på ein bilveg eller eit fortau. Her er det mogleg å gå eller sykle i staden for å ta i bruk bil. Folkehelse heng også nøye saman med nærtur,

fordi gåing bidreg til betre helse. Slik er det viktig at eit nærmiljø har gode turmoglegheiter som fører til meir fysisk aktivitet. Også arealbruk er viktig når ein snakkar om nærtur. For at det skal finnast nærtur må dette takast omsyn til og leggest til rette for i arealplanlegginga (Skjeggedal, Vistad, & Thorèn, 2019).

Temaet i denne oppgåva er folkehelse og nærtur. Nærtur og friluftsliv er ein viktig del for å betre folkehelsa i eit samfunn. Dermed er det viktig at det finnast attraktive og lett tilgjengelege turmoglegheiter i nærleiken av der folk bur. Det må også vere noko alle kan utføre som er tilpassa alle uansett alder, kjønn og funksjonsnivå. Det er sjølvsagt opp til den enkelte å vere aktiv, men tilrettelegginga må vere til stades. Ei auka tilrettelegging vil føre til at aktiviteten også aukar. Friluftsliv femner meir enn berre nærtur, men i mange samanhengar er det snakk om dei same stiane og den same infrastrukturen. Derfor blir friluftsliv og nærtur brukt om kvarandre i denne oppgåva.

Strukturen av oppgåva er bygd opp med ein teoridel, empiridel og ein drøftingsdel. Første delen definerer og forklarar ulike omgrep for å få ei forståing av omgrepa som blir brukt seinare i oppgåva. Deretter blir metoden presentert og empirien framstilt. Til slutt kjem det ei drøfting av funna og ein konklusjon.

### **1.1 Bakgrunn for val av tema**

Om ein samanliknar organiseringa av friluftslivet med til dømes idretten, vil ein sjå at idretten er organisert på ein langt meir omfattande måte, og med større ressursar tilgjengeleg. Dette gjeld idretten sine egne organisasjonar, men også innanfor det offentlege, til dømes ressursar som er tilgjengelege i den einskilde kommune (Thorén, 2018). Det eg er interessert i å finne ut av er kva rolle kommunen har for å skape gode nærturtilbod, og om dei samarbeida med den frivillige sektoren for å få til dette. Kven er det som legg til rette for nærtur? Er det kommunen aleine, er det berre frivillige med mange dugnadstimar eller finnast det eit samarbeid? Tilrettelegginga kan innebere for eksempel parkering,

opparbeiding av stiar, lage til rasteplassar og benkar. Om dette er tilrettelagt vil det auke bruken av nærtur.

### **1.2 Problemstilling**

Det overordna målet med denne bacheloroppgåva er folkehelse, trivsel og fysisk form blant menneske i samfunnet, ved hjelp av natur og nærtur. Den kommunen eg skal studere er omgitt av natur med gode moglegheiter for nærtur. I denne samanhengen vil eg sjå nærare på om kommunen eg undersøker samarbeida med den frivillige sektoren for å skape og oppretthalde gode moglegheiter for nærtur, og korleis dette samarbeidet er.

Problemstillinga i denne oppgåva er:

*«Korleis er samarbeidet mellom kommunen og den frivillige sektor for å skape og legge til rette for gode moglegheiter for nærtur?»*

Sidan dette er eit område som i særskilt liten grad er organisert, vil eg sjå på kva rolle kommunen har for å legge til rette for nærtur og i kva grad det eksisterer eit samarbeid. For å svare på denne problemstillinga stiller eg følgjande spørsmål:

- Kva rolle har kommunen for å skape gode moglegheiter for nærtur?
- Kven samarbeida kommunen med og kva går dette samarbeidet ut på?
- Er ein avhengig av dei frivillige for å skape tilboda?



Foto: Privat

### 1.3 Kontekstuell forankring

Lokalområdet og kommunen eg skal undersøke er ein liten kommune i Vestland fylke med under 10 000 innbyggjarar. Busetjinga er spreidd på store geografiske område, med lang avstand mellom kvar bygd.

Næringslivet i denne kommunen er allsidig og består av mange ulike område. Jordbruk er ein viktig del av lokalområdet, der husdyrhold, skogbruk og frukt- og bær dyrking er dominerande. Ein finn også industri som nærings- og nytelsesmiddelindustri, trevare, metall og tekstil som ein finn gjennom heile kommunen (Thorsnæs & Askheim, 2020)

Reiselivsnæringa utgjer ein vesentleg del av næringsgrunnlaget i denne kommunen (Thorsnæs & Askheim, 2020). På grunn av den flotte naturen som byr på blant anna brear, høge fjell, langstrakte fjordar, er det mange turistar som er interesserte i denne staden. Folk kjem både frå nærområdet og langvegs frå for å oppleve naturen.

Landbruksnæringa kan i denne samanhengen vere viktig for reiselivsnæringa der ein gjensidig kan dra nytte av kvarandre. Landbruket står for landskapspleie og etablering av skogsvegar, medan reiselivsnæringa legger til rette for turistar. I tillegg finnast det eit stort omfang fritidsbustadar i kommunen som har hatt omfattande utbygging dei siste åra. I samband med dette har det også blitt bygd vegar og stiar og lagt til rette for turar alle årstider. Alt dette vil kome befolkninga til gode.

Dette lokalområdet er omgitt av spektakulær natur og friluftslivet er ein stor del av samfunnet. Derfor vil eg finne ut av korleis lokalsamfunnet tar vare på stiar og turvegar som tar menneske ut i denne naturen og kven som står bak dette. I følgje kommunen sine nettsider skriv dei om ein fantastisk natur med variert terreng som gjer den allsidig. Der kan ein drive med friluftsliv heile året. For å legge til rette for dette skriv dei at det er eit samarbeid mellom kommunen, reiselivsnæringa, private aktørar og frivillige lag og organisasjonar (Friluftsliv, 2020). Kven er desse



frivillige laga og korleis fungerer samarbeidet? Det er dette oppgåva skal forsøke å svare på.

## **2. Teori og litteraturkapittel**

### **2.1 Folkehelse**

Folkehelse er eit omgrep ein stadig møter på i dagens samfunn og som blir brukt i mange samanhengar. Ein enkel definisjon på dette er «helse vår». Det er helse til heile befolkninga i eit samfunn eller område (Norheim, 2018). Folkehelse omfattar ikkje berre den fysiske tilstanden til ei befolkning, men også den psykiske tilstanden. Ting som kan påverke folkehelse er økonomi, miljø, fysiske- og psykiske forhold. Folkehelse omfattar mange element, det kan difor vere vanskeleg å måle folkehelse i eit samfunn. Likevel er det vanlegaste å sjå på dødelegheit, talet på sjuke og kor mange som nyttar seg av helsetenestene og trygd (Nylenna & Braut, 2020). Trivsel er også eit nøkkelord innan folkehelse. Ein person kan trene, ete sunt og vere i god fysisk form, men mistrivast på grunn av miljøet rundt. Desse forholda kan verke inn på helse til den enkelte. Om miljøet påverkar fleire negativt og folk mistrivast, samt har dårleg helse vil det påverke folkehelse i samfunnet på ein negativ måte. Det er spesielt trivsel som er vanskeleg å måle, fordi trivsel kan opplevast ulikt frå person til person. Trivsel handlar om psykisk helse, sosiale relasjonar eller fysiske omgjevningar. Det er opplevingane våre som definerer trivsel, som for eksempel tilfredsheit, tryggleik og indre ro (Larsen, Ridderström, & Nylenna, 2018).

Sidan denne oppgåva handlar om nærtur og fysisk aktivitet er fokuset mest på den fysiske helse. Å vere i fysisk aktivitet i kvardagen vil likevel påverke både den fysiske og psykiske helse, og er dermed ein viktig faktor for den generelle folkehelse. Så korleis påverkar fysisk aktivitet oss? Dette slår inn på mange område. Dei fleste veit at fysisk aktivitet gir oss høgare puls, forbrenning og sveitte. Slik vil ein få betre kondisjon om ein held på med dette over lengre tid, og ein vil få overskot og bli sterkare i kvardagen. Mange er ikkje klar over er at fysisk aktivitet også har mykje å seie for humør, hjerne og sinn. Ulik forskning viser at ein blant anna blir i

betre humør, får betre konsentrasjon, styrker immunforsvaret og kan lindre ulik smerte (Hva fysisk aktivitet gjør med kroppen, 2020).

Også Den Norske Turistforening skriv at fysisk aktivitet har god verknad på folkehelsa, og spesielt det å bevege seg i naturen forebygger stress og utbrentheit, samtidig som det gjer godt for hjernehelsa (Friluftslivet i et folkehelseperspektiv, 2020). Slik ser ein at fysisk aktivitet er med på å skape ei god helse, og dermed betre folkehelse.

## **2.2 Folkehelsearbeid**

Helse og trivsel er i dag blitt eit offentleg ansvar, og det er dette ein kallar folkehelsearbeid. Ein definisjon på folkehelsearbeid er:

*«...samfunnets innsats for å påvirke faktorer som direkte eller indirekte fremmer befolkningens helse og trivsel, forebygger psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, eller som beskytter mot helsetrusler, og arbeid for en jevnere fordeling av faktorer som direkte eller indirekte påvirker helsen»* (Folkehelse, 2020).

Denne definisjonen av folkehelsearbeid fortel om arbeid både i notid og framtid. Det handlar om at ein skal førebygge at ein blir sjuke, samtidig som at ein skal oppretthalde, styrke og fremme folk si helse. Dette er eit svært omfattande arbeid som krev både tid og ressursar.

Etter at folkehelse vart eit offentleg ansvar, vart det vedteke ei ny lov om folkehelse. Formålet med lova er ei samfunnsutvikling som skal fremme folkehelse der ein jamnar ut sosiale helseforskjellar. Ein skal jobbe for å fremme helse, trivsel, sosiale og miljømessige forhold, og forebygge psykisk skade eller liding. Dette inneberer at det offentlege må sette i verk tiltak og samordne si verksemd i folkehelsearbeidet, som skal vere i eit langsiktig perspektiv. Kommunen har altså eit ansvar for folkehelsa og må ha ein strategi for dette (Folkehelseloven, 2020). Der er også andre føringar for folkehelsearbeid, blant anna Plan og bygningslova, lov om helsetenesta i kommunane, fleire Stortingsmeldingar og samhandlingsreforma (Lillefjell, Knudsen, & Wist, 2011).

Men alle desse føringane aleine skaper ikkje suksess. Folkehelselova seier også at folkehelsearbeid skal baserast på kunnskap. For at arbeidet skal vere effektivt og fungere må ein ha kunnskap om både folkehelsa i samfunnet, om faktorar som påverkar helsa og tiltak som fungerer. Denne kunnskapen skal baserast på forskning og teori, erfaring, brukarane sin kunnskap, medverknad, verdiar, ressursar og politikk. Alt dette går under kunnskapsbasert folkehelsearbeid (Lillefjell, Knudsen, & Wist, 2011)

I tillegg til kunnskap går det fram i både folkehelsemeldinga og i folkehelselova at ein skal samarbeide for best å kunne møte utfordringane ein står ovanfor når det gjeld folkehelse. Mykje av det som går på helse skjer utanfor helse- og offentleg sektor. Slik treng ein eit samarbeid mellom offentleg, frivillig og privat sektor og dette er avgjerande for å utvikle folkehelsearbeidet. Dei frivillige organisasjonane kan bidra med å nå ut til dei menneska offentlege tilbod ikkje når ut til, og eit samarbeid med offentleg sektor kan vere med å auke den fysiske aktiviteten ute i friluft for alle. Næringslivet har også ei stor påverkningskraft og er ein viktig aktør når det gjeld befolkninga si helse. Saman med myndigheitene kan dei fremme viktigheita med sunn og næringsrik mat, og utvikle mat med lågare salt- og sukkerinnhald. Alt i alt ser ein at den offentlege sektoren er avhengige av både frivillig og privat sektor for å løyse problem og utvikle nye metodar når det gjeld folkehelse (Lillefjell, Knudsen, & Wist, 2011).

### **2.2.1 Med fokus på friluftsliv**

I arbeidet mot betre folkehelse går det fram i nasjonale strategiar at det offentlege må satse meir på aktivitetar i friluft. I ein strategi frå Miljøverndepartementet står det blant anna at «*planlegging i kommuner, fylker og regioner skal medvirke til å fremme et aktivt friluftsliv og skape helsefremmende, trivselskapende og miljøvennlige nærmiljø*» (Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv, 2013). Bakgrunnen for denne strategien er at friluftsliv er helsefremjande og om fleire er aktive ute i friluft vil dette vere eit viktig tiltak for å betre folkehelsa. Det overordna målet med

strategien er å auke talet på aktive i friluftslivet, på ein jamn og varig basis. Dei fire nasjonale måla er dermed slik: alle skal ha moglegheit til å drive friluftsliv, områder av verdi for friluftsliv skal sikrast, allemannsretten gjeld, og planlegging på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå skal medverke til å fremje eit aktivt friluftsliv (Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv, 2013).

For å skape dette aktive friluftslivet er eit sentralt verkemiddel å legge til rette for friluftsliv i nærmiljøet. Ein må skape attraktive område som er lett tilgjengelege, auke bevisstheita rundt dette, auke samarbeidet og samordninga og vidareutvikle kunnskapen (Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv, 2013).

### **2.3 Samordning**

Samordning og samarbeid er ord som ofte går igjen i offentleg planlegging, som blant anna er forankra i Plan og bygningslova. Planlegging skal samordne ulike oppgåver, og det skal finnast samordning og samarbeid mellom statlege, regionale og kommunale organ, private organisasjonar og allmennheita (Plan- og bygningsloven, 2020). Samordning spelar derfor ei stor rolle i offentleg planlegging.

Samordning blir av Difi definert slik;

*«Prosesser der ulike mål, verdier, aktiviteter, ressurser eller andre premisser blir sett i sammenheng, prioritert, avveid og tilpasset hverandre» (Sundby & Vemundvik, 2014).*

Denne definisjonen handlar om at ulike aktørar eller grupper kan drive med forskjellige ting og ha ulike verdiar, men som likevel har ein nytte av å samordne for å løyse eit felles problem.

Samordning kan skje på både vertikalt og horisontalt nivå. Vertikal samordning er når ein samordnar mellom ulike nivå i eit hierarki. Dette føreset at det eksistera eit hierarki og at ein skal finne ein samanheng mellom desse nivåa og skape ei effektiv arbeidsfordeling. Eksempel på dette er mellom stat, fylke og kommune. Her er staten det overordna

nivået og gir instruksar og retningslinjer til fylket og kommunen. Desse underordna nivåa må stå for iverksetting av dette. Då snakkar ein også om hard regulering. Horisontal samordning er samordning på tvers, og det føreset at det finnast «flate nettverk» som har felles mål. Eksempel på dette er mellom kommunar, mellom departement eller mellom ulike sektorar i ein kommune. Nøkkelorda her er tillit, respekt og felles problemforståing. Ein må ha gjensidig tillit til kvarandre der ein respekterer at alle ivareteke legitime omsyn. Dette er prega av mjuk regulering (Amdam & Veggeland, 2016, ss. 83-89)

Som nemnt ovanfor har ein samordning ved ulike typar regulering, mjuk eller hard. Når ein snakkar om hard regulering ligg lover og regelverk til grunn. Om ein skal oppfylle eit overordna mål som er regulert av lover og reglar, er ein underlagt hard regulering. Om det dreiar seg om mål ein har kome fram til i fellesskap, er det mjuk regulering. Mjuk regulering føreset at ein er einig og har felles verdiforankring (Amdam & Veggeland, 2016, ss. 83-89). Sett i samanheng med folkehelse og denne oppgåva, er ein særleg avhengig av mjuk regulering i form av frivillig koordinering av innsats. For eksempel kan ikkje kommunen pålegge dei frivillige organisasjonane om å samarbeide. Om ein brukar hard regulering vil det føre til misnøye og at frivillige organisasjonar ikkje er villige til å samarbeide og legge ned frivillig innsats. Det må vere ei lyst frå dei frivillige og felles mål og verdiar mellom partane. Hard regulering i denne samanhengen kan dreie seg om fordeling av statlege midlar og liknande.

Forhandling er ei form for samordning og er sentralt for temaet for denne undersøkinga. Forhandling er ein frivillig prosess der ein i fellesskap prøver å kome fram til ei løysing alle er samde om som ein vil respektere i ettertid. For at forhandling skal skje må det ligge føre ei konflikt om partane ikkje har ei betre form for avgjerd. Partane må vere engasjerte og det må vere ein balanse i maktrelasjonane. Ofte har den eine parten ein ressurs som den andre parten vil ha tak i. Her handlar det om å gi og ta, og forhandle om ressursar. I dette tilfellet har for eksempel ein grunneigar

eit areal kommunen er interessert i. Då må partane inn i ei forhandling der grunneigar må få kompensasjon for arealet sitt for å gå med på avtalen (Amdam & Veggeland, 2016, ss. 127-136).

## **2.4 Samskaping**

I nyare tid står det offentlege ovanfor ein ny trend, nemleg «co-creation» som er samskaping på norsk. Dette er ikkje noko nytt fenomen, men har i dag fått eit nytt fokus (Torfing, Sørensen, & Røiseland, 2016). Ordet samskaping gir i dag ein ny innfallsvinkel som både kan utfordre demokratiet, dei folkevalde, det administrative og ulike parti si rolle. Samskaping hjelper oss med å stille gode spørsmål, utfordre det som er etablert og utfordre det norske styrings- og velferdssystemet. Alt i alt kan det vere med å bidra til samfunnsutvikling (Røiseland & Lo, 2019).

Men kva er samskaping og korleis har det relevans i denne samanhengen? Ein enkel definisjon på samskaping er; «*at offentlege og private/ og eller sivile aktørar arbeidar saman gjennom å dele kunnskap og ressursar med kvarandre*» (Røiseland & Lo, 2019). Samskaping skil seg frå samordning, og tar samarbeidet eit steg lenger. I staden for at aktørar under samordning har ulike mål og verdiar der ein samordnar for å løyse eit felles problem, er samskaping der ein finn løysingar saman med målgruppa. Samskaping er ei samarbeidsform som tar vare på interessene, ressursane og måla til begge partane. Eit viktig element i samskaping er likeverd, både mellom partane, som kan vere kommunen og frivilligheit og med gruppa det gjeld. Alle partar skal lytte til og involvere kvarandre slik at ein oppnår effektivitet og brukar ressursane på ein fornuftig måte (Hagelin & Goth, 2015). For å samanlikne med friluftsliv og nærtur er kommunen og dei frivillige to partar. Målgruppa er alle dei som skal ferdast i naturen. Her sit kommunen med sine ressursar og dei frivillige med sine ressursar. Brukarane har også ressursar og kan bidra med å informere om kva som trengst for at ein skal vere aktive i naturen. Til saman kan desse partane utvikle og skape gode turtilbod ved å slå saman kunnskapen og ressursane kvar enkelt har.

Samskaping er eit vidt omgrep med mange variantar. To forskjellige variantar av samskaping er radikal og konservativ samskaping. Den konservative samskapinga kallast også samproduksjon, og er den mest utbreidde forma for samskaping. Dette handlar om at «*profesjonelle og brukere samarbeider om noe*» (Røiseland & Lo, 2019), og eit eksempel på dette er når menneske deltek som frivillige eller er med i frivillige organisasjonar. Den radikale forma er meir uvanleg og handlar om at innbyggjarar trekkast inn i diskusjonar for å utvikle lokalsamfunnet. Her er det snakk om eit likeverdig samarbeid mellom det offentlege, private aktørar og borgarar.

I følgje Nysveen, Thorbjørnsen og Pedersen ligg det nokre faktorar til grunn for å skape ei vellykka samskaping. Samskaping handlar mykje om likeverd. For at alle aktørane skal føle likeverd er det viktig å ha ein god dialog der alle partar har tilgang til same informasjon. Dette for at kvar aktør skal yte sitt beste. For at dialogen skal flyte godt og for at aktørar skal få tilgang same informasjon, er også det å skape gode plattformer ein annan viktig faktor for samskaping. Plattformar eller omgjevnadane skal sikre tilrettelegging for gjensidig læring, skape tilhøyrse og gjere det enkelt for alle aktørar (Nysveen, Thorbjørnsen, & Pedersen, 2012).

## **2.5 Oppsummering**

Dette kapitlet har tatt for seg samskaping og samordning, og at samarbeid er nyttig for å oppnå ulike mål. Ein er avhengige av å samarbeide for å nytte ressursar på best mogleg måte. Dei neste kapitela tar for seg samordning og samskaping i forhold til nærtur, og korleis dette blir utført i den aktuelle kommunen. Finnast det ei form for samarbeid? Det første kapitlet viser korleis denne undersøkinga er gjort og kven dei aktuelle respondentane representerer. Deretter blir funna presentert, sett i samanheng og drøfta.

## **3. Metode**

I ei slik oppgåve er riktig innsamling av data viktig. Her er metode til god hjelp. Metode er verktøy ein brukar når ein skal samle inn data og empiri,

og er ein systematisk måte å undersøke på (Halvorsen, 2008, ss. 18-21). I dette kapitlet skal eg presentere korleis eg har samla inn datamateriale og kva metode som vart brukt. Først vil eg forklare den kvalitative metoden og kvifor eg brukte den. Deretter skal eg skrive litt om intervju som metode. Vidare vil eg gjere greie for intervjuobjekta og gjennomføringa, og til slutt skal vi sjå på validitet og reliabilitet.

### **3.1 Undersøking i forkant**

I forkant av dei ulike intervju skaffa eg meg bakgrunnsinformasjon om dei ulike aktørane og anna nyttig informasjon eg trengde. I tillegg sjekka eg om nokre av spørsmåla eg lurte på, gjekk ann å finne ut av i forkant. Dette gjer at ein slepp å bruke dyrebar tid under eit intervju med å spørje om noko ein kunne funne fram til på førehand. For eksempel ønska eg å finne ut meir om folkehelsearbeidet i kommunen eg undersøker. Dette fekk eg svar på ved å sjå på samfunnsdelen i kommuneplanen. Der har dei lista opp viktige mål i forhold til folkehelse og forklart ulike tiltak for å oppnå desse måla. Slik utnytta eg tida som var disponert til dette intervjuet, og fokuserte på det som var viktig i forhold til problemstillinga.

Ei undersøking i forkant gjorde også at eg fann dei aktørane som var mest aktuelle å snakke med, som kunne gi meg den informasjonen eg trengde, og luke ut dei som ikkje var like aktuelle. Informantane eg valde å intervju representerte både den offentlege og den frivillige sektoren, noko som vil vere med på å få fram ulike synspunkt (Halvorsen, 2008).

### **3.2 Kvalitativ og kvantitativ metode**

Når ein skal samle inn data skil ein mellom to hovudtypar metode; kvalitativ og kvantitativ metode. Eit sentralt moment som avgjer kva metode ein skal gå for er problemstillinga. På bakgrunn av problemstillinga mi trengde eg data som var nyanserte og som gjekk i djupna. Derfor valde eg den kvalitative metoden. Dette gjer at ein må konsentrere seg om få einingar og gå nært inn på desse (Jacobsen, 2018, ss. 63-66). Den største forskjellen mellom kvalitativ og kvantitativ er kor mange einingar ein skal undersøke og type informasjon ein får. I den



kvalitative metoden får ein mange opplysningar frå få undersøkingseiningar og forskaren deltek sjølv i innsamlinga, noko som skapar nærleik til undersøkingspersonane. Den kvantitative metoden derimot er å skaffe få opplysningar av mange einingar. Sidan ein undersøker mange einingar i den kvantitative metoden, kan ein ikkje gå i djupna på kvar enkelt, men få overflate- informasjon. Dette vil skape distanse og nøytralitet mellom forskar og undersøkingseining (Halvorsen, 2008, ss. 128-152).

Kvalitativ og kvantitativ metode samlar inn ulik informasjon, som gjer at ein har forskjellige metodar å samle inn informasjonen på. Typisk for kvalitativ metode er intervju, gruppeintervju og observasjon. Kvantitativ metode tar ofte i bruk spørjeskjema. Dette gjer at ein kan nå over mange einingar på kort og same tid (Halvorsen, 2008, ss. 128-152).

Grunnen til valet av kvalitativ metode var først og fremst at eg skulle samle inn informasjon frå få einingar og gå nærare inn på desse. Derfor var intervju og dokumenstudier den beste måten å samle inn data på. I tillegg visste eg lite om fenomenet eg skulle undersøke og problemstillinga var ikkje ei ferdig hypotese. Slik vart det naturleg å velje den kvalitative metoden (Halvorsen, 2008, ss. 128-140).

Fordelane med intervju og den kvalitative metoden er openheit, nærleik og relevans. Sidan forskaren sjølv må samle inn informasjon skapar det ein relasjon med den som undersøkast. I undersøkinga gjekk alle intervjuarane føre seg under undersøkingsobjektet sine premisser, noko som skapar høg relevans. Utan om intervjuguiden la eg ikkje føringar i intervjuarane slik at den riktige forståinga kom fram. Alt dette skapte openheit og nærleik. Den kvalitative metoden er også fleksibel og får fram nyanserikdom i informasjonen. Sidan ein har openheit vil respondenten få fram sine egne meiningar som gjer informasjonen nyansert. Metoden opnar også opp for at problemstillinga kan endrast undervegs og ein er ikkje binda fast til noko. I dette tilfellet har ikkje problemstillinga blitt endra noko særleg gjennom prosessen (Jacobsen, 2018, ss. 129-134)

Det finnast også nokre ulemper med kvalitativ tilnærming og det som oppfattast som fordel kan også vere ei ulempe. Kvalitativ metode samlar inn informasjon frå få einingar, noko som fører til spørsmålet; er respondentane representative for andre enn seg sjølve? Det kan også vere vanskeleg å tolke informasjonen ein samlar inn på grunn av nyanserikdom, og metoden er ressurskrevjande. I tillegg kan nærleiken skape problem om ein kjem for tett på, og fleksibiliteten kan gjere at ein aldri blir ferdige. Ny informasjon dukkar stadig opp, og ein kan få problem med å runde av (Jacobsen, 2018, ss. 129-134).

### **3.4 Intervju og intervjuguide**

Det vart brukt to ulike metodar for å samle inn data til denne oppgåva; individuelle intervju og analyse av dokument som anten er blitt tilsendt eller vore tilgjengeleg på nett. Individuelle intervju kan gå føre seg ansikt-til-ansikt, gjennom telefon eller på e-post og samlar inn primærdata. Å bruke dokument går ut på å skaffe seg sekundærdata gjennom offentlege dokument, nettsider, artiklar eller aviser (Jacobsen, 2018). I denne samanhengen brukte eg dokument for å finne informasjon om dei ulike aktørane og for å få innsikt i prosjekt og fakta. Det var heller ikkje alle aktørane som var like aktuelle å ha eit individuelt intervju med og tidsperspektivet gjorde at eg ikkje rakk eit slikt intervju med alle. Dei individuelle intervju gjekk føre seg med dei aktørane som var mest aktuelle å snakke med, og der informasjonen eg var ute etter ikkje var tilgjengeleg på nett. Eg brukte både ansikt-til-ansikt, telefon og e-post som intervjumetode, alt ettersom kva som passa intervjuobjektet best. I denne samanhengen vart det også laga ein intervjuguide, som inneheldt overordna spørsmål eg ynskja svar på. Intervjuguiden var ganske open og hadde ein middels struktureringsrad. Intervjuet starta med ein kort presentasjon av meg og undersøkinga, og det vart informert om lydopptak og anonymitet. Deretter brukte eg spørsmål med ulike tema, og det varierte i kor stor grad eg tok i bruk desse. I nokon intervju gjekk praten lett, der eg brukte tema som sjekkpunkt, medan i andre intervju følgde eg skjematisk oppstillinga av spørsmåla. Det vart også lagt opp til ein open

samtale i nokre av intervjua (Jacobsen, 2018). Intervjua vart avslutta med nokre avslutningsspørsmål, for eksempel om dei anbefalte nokre andre personar som kunne vere aktuelle.

### 3.3 Intervjuobjekt

Nedanfor er ei skjematisk framstilling med ei oversikt over representantar eg har vore i kontakt med. Her står kven respondentane er og det blir forklart kva slags type metode som vart brukt for å samle inn data.

<b>Representantar</b>	<b>Info</b>	<b>Type intervju</b>
Aktør 1, offentlig sektor	Folkehelse rådgjever og miljøvernleiar	Individuelt intervju, ansikt til ansikt
Aktør 2, offentlig sektor	Plan- og næringssjef	Uformelt individuelt intervju, ansikt til ansikt
Aktør 3, frivillig sektor	Leiar ved turlag	Telefonsamtale, e-post
Aktør 4, frivillig sektor	Idrettslag, styremedlem	Individuelt intervju, ansikt til ansikt
Aktør 5, reiselivsfirmas	Kontaktperson	E-post og dokument
Aktør 6, privat sektor	Turløyper, organisasjon	Telefonsamtale og dokument

### 3.5 Gjennomføring

I denne undersøkinga opplevde eg at det å få tak i personar ikkje alltid var like lett. Nokre var svært raske med å svare og svært interesserte i oppgåva, medan andre var vanskelegare å få tak i. Dette påverka også i noko grad kva slags informantar eg til slutt enda opp med. Under vegs i intervjua som føregjekk ansikt til ansikt brukte eg lydopptak for å sikre at all informasjonen vart fanga opp. Det oppstod nokre problem med lydopptaka som gjorde at ikkje alt vart med, men sidan eg noterte ved sidan av fekk eg med det viktigaste som vart sagt. I etterkant av intervjua transkriberte eg alle lydopptaka som vil gjere det lettare å gå fram og tilbake i samtalen i ettertid. I tillegg er lydopptaka midlertidig lagra på ein app som er godkjent av høgskulen. Desse vil i etterkant av forskinga verte sletta.

### 3.6 Validitet og reliabilitet

To sentrale omgrep i metode er validitet og reliabilitet. Kva metode ein vel i undersøkinga, vil påverke kvaliteten og kor mykje ein kan stole på resultatet. Empirien bør derfor tilfredsstillere to krav; at den er gyldig og relevant, samt påliteleg og truverdig. Validitet handlar om at empirien er gyldig og relevant og at den kan brukast til å svare på problemstillinga (Halvorsen, 2008). Ein kan skilje mellom intern og ekstern validitet. Intern gyldigheit er om ein har dekning i empirien for dei konklusjonane ein trekk. Ekstern gyldigheit og relevans er om empirien er overførbar, der resultatet også er gyldige og relevante i andre samanhengar (Jacobsen, 2018).

Reliabilitet går ut på at ein kan stole på undersøkinga og at det ikkje er gjort målefeil undervegs. Resultata må vere relevante og riktige, og for å klare dette må ein gjennomføre undersøkinga på riktig måte (Jacobsen, 2018)

Dei ulike metodane for datainnsamling har alle validitet- og reliabilitetsproblem (Halvorsen, 2008). Problem som kan oppstå i denne undersøkinga er for eksempel bruken av individuelle intervju der ein får personlege synspunkt, og intervjuar og konteksten kan påverke informantane. Sidan intervjuet føregjekk i eit formelt lokale (på kontora til informantane), og spørsmåla som vart stilt var opne og ikkje avgrensa, vil eg seie at reliabiliteten er høg (Jacobsen, 2018). Reliabiliteten er også høg fordi representantane presenterer ulike sektorar og aktørar som gjer at ein får forskjellige synspunkt. Sidan intervjuet også er transkribert, vil riktig informasjon bli gjenfortalt og vil med dette verke positivt inn på reliabiliteten. Når det gjeld validitet i denne undersøkinga er den interne gyldigheita relativt høg sidan empirien som er samla inn svarar i stor grad på problemstillinga. Resultata kan også mest sannsynleg gjelde andre kommunar, derfor vurderast den eksterne gyldigheita for høg. Andre element som underbygger at informasjonen i denne undersøkinga er påliteleg, er at kjeldene kjem frå nøkkelpersonar som representerer dei

ulike aktørane, at dei er uavhengige kjelder og at intervju og samtalarane i liten grad er styrt av forskar (Jacobsen, 2018).

## **4. Empiri**

Dette kapittelet skal presentere dei viktigaste funna frå datainnsamlinga og dei innsamla svara som er mest aktuelle for problemstillinga. Funna frå dei ulike representantane vil bli presentert kvar for seg, og etter kvart skal empirien drøftast opp mot problemstilling og forskingsspørsmål.

Informasjon om representantane og kva metode som vart brukt er nemnt ovanfor i kapittelet om intervjuobjekt.

### **4.1 Offentleg sektor si rolle**

#### **4.1.1 Aktør 1 Miljøvernleiar og folkehelserådgjevar**

Intervjuet med Aktør 1 var i utgangspunktet eit intervju med folkehelserådgjevar i kommunen, men miljøvernleiar deltok også i intervjuet då han hadde mykje erfaring og kunnskap om temaet. Intervjuet starta med at miljøvernleiaren forklarte kva han meinte kjenneteikna ein kommune som aktivt jobbar for friluftsliv. Den første indikatoren er å organisere friluftsliv med nabokommunane. Den andre indikatoren er statleg sikring. Med dette betyr det at kommunen kan søke Miljødirektoratet om økonomisk støtte til å innløyse eit areal for bruk til friluftsliv. Med dette får kommunen råderetten over friluftsområde, enten gjennom kjøp av område eller bruksavtale med grunneigar. Dette er ei langsiktig avgjerd og vil sikre at friluftslivsområde blir ivaretekne i framtida. Når ein søker om statleg sikring er ein ansvarlege for drift og vedlikehald av området (Søke om statlig sikring av friluftslivsområder, 2020). Ein tredje indikator handlar om at friluftsliv blir sett og tatt vare på i arealplanlegginga. Her kom miljøvernleiaren med eit eksempel:

*«Når ein regulerer eit område kan der for eksempel gå ein viktig turveg for dei som bur der, men som planleggarane ikkje ser på som viktig. Denne turvegen kan både ha lokalverdi og regionalverdi fordi den tar deg frå trappa og heilt til fjells».*

Den fjerde og siste indikatoren går på at friluftsløva blir brukt i den daglege verksemda i kommunen, og at friluftsløvsinteresser kjem fram i all saksbehandling.

Sidan kommunen allereie har gode tilbod for nærtur og friluftsløvsaktivitetar spurte eg korleis ein har klart å skape det som finnast i dag. Her fekk eg som svar at ein er avhengig av mange ulike faktorar. Denne kommunen er kjent for ski og idrett, og desse områda har fått eit stort fokus hjå innbyggjarane. Der er mange talent innan idrett, noko som er med på å påverke til eit bra tilbod og tilrettelegging. Ein annan og viktig faktor er enkeltpersonar sin innsats. Ein er avhengige av eldsjeler og frivillige lag og organisasjonar som står på for samfunnet. Vidare påpeiker dei faktorar som gode areal og det å vere flinke til å representere kommunen noko som vil trekke til seg folk.

Når det gjeld vedlikehald av friluftsløvsareal som stiar og turveggar er ei av oppgåvene til kommunen å søke om statleg sikring av friluftsløvsområde. Ei anna rolle er også å gi midlar til dei som søker støtte til vedlikehald av stiar og gi tilskot til bønder for skogrydding. Sjølv om kommunen er ansvarleg for vedlikehald på nokre område seier dei at ein er svært avhengige av det frivillige arbeidet for mykje av vedlikehaldet rundt om på stiar og turveggar. Desse er for eksempel private personar på dugnad, 4H, bygdeutviklingslag, idrettslag, turlag og andre frivillige organisasjonar. Også bønder har ei viktig rolle, der stiar og skogsveggar til setrer blir rydda og laga til av bønder som har dyra sine der.

Å vere avhengig av frivillige for å skape og vedlikehalde fungerande moglegheiter for friluftsløvs, meiner Aktør 1 også byr på nokre utfordringar. Ein er avhengige av at enkeltpersonar faktisk er engasjerte, ein må ha kjennskap til dei lokale forholda og gjerne ha kontaktar gjennom eit nettverk, og folk må vite kvar og når ein skal søke om midlar.

Under intervjuet nemner dei fleire prosjekt der kommunen legger til rette eller samarbeida for å skape gode nærturar. Dagsturhytta er eit eksempel

på eit samarbeidsprosjekt. Kommunen har også statleg sikra område og støtter ulike organisasjonar som er med på å utvikle gode turområde. Dagsturhytta er eit lågterskeltilbod i det som var Sogn og Fjordane fylke for turgåarar. Her kan ein ete turmaten sin, få i seg litt varme og lese i bøkene som finnast i hytta. Dagsturhyttene finnast i alle kommunar i det som var Sogn og Fjordane og er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunen, Sparebanken Sogn og Fjordane og kommunane sjølve. Eit anna prosjekt er eit sti- og løypenett. Dette er opparbeid av privat aktør, men det er kommunen som har sikra at dette område skal vere eit friluftslivområde gjennom statleg sikring (Dagsturhytta, 2017).

Ein viktig faktor som blir nemnt nokre gonger under intervjuet er kor viktig det er å ha eit bra samspel og dialog mellom kommunen og grunneigar, private og frivillige. Eit prosjekt som viser dette er «Mila». Dette er ein veg som blir brukt til konkurransen, men det er ynskje om at dette skal bli ein turveg for alle. Her er grunneigarar ikkje heilt einige, og ynskjer ikkje ansvaret for vedlikehald. Dermed vil kommunen forhandle med grunneigarar om at vegen skal bli kommunal og ha ansvar for vedlikehald. Det er altså mykje forhandlingsarbeid frå kommunen si side når det kjem til tilrettelegging av nærtur.

Eit sitat frå folkehelse råd gjevar som speglar problemstillinga er:

*«Å skape turmoglegheiter er ikkje sjølv sagt. Det er avhengig av engasjement, lokalkunnskap og kanskje gode kontakte. Mange gonger er det eit resultat av tilfeldigheter. Ein treng velvilje frå grunneigarar og eldsjeler for å skape og utvikle turmoglegheiter»*

#### **4.1.2 Aktør 2 Plan og næringssjef**

Intervjuet med plan og næringssjefen var ikkje eit planlagt intervju, men ein liten samtale som tok stad etter intervjuet med Aktør 1. Dette var for å få litt meir informasjon om problemstillinga retta mot planlegging. Oppgåva til plan- og næringssjefen i denne kommunen er blant anna å sikre areal og sette av grøntareal til friluftsområde. Han nemner at nokre av oppgåvene til kommunen når det gjeld friluftsliv er å legge til rette,

kartlegge, søke om midlar, statleg sikre og ha dialog med grunneigar. Også i dette intervjuet er god dialog med grunneigar eit viktig punkt i arbeidet med å legge til rette og skape nærturar. For å skape denne gode dialogen meiner han at å få grunneigarar med i planane, opplyse og forhandle med dei er viktig.

På kommunen si nettside viser dei til eit konkret prosjekt innan friluftsliv, der dei nyleg har kartlagd og verdsett 317 friluftslivområde i kommunen for 2017 og 2018. Ei arbeidsgruppe med faste medlemmar frå ulike sektorar har jobba med prosjektet. Bakgrunnen for dette arbeidet er den nasjonale strategien for eit meir aktivt friluftsliv, og er eit nasjonalt prosjekt med Miljødirektoratet i front. Denne kartlegginga er ein «no-situasjon», der kartet ikkje nyttast som turkart, men som eit verktøy og kunnskapsgrunnlag i offentleg planlegging og forvaltning. Kunnskapen kan vere med å utvikle og ta vare på friluftsområde i kommunen (Friluftslivsområder i kommunen, 2020).

Både under intervjuet med Aktør 1 og Aktør 2 påpeiker dei at ein ynskjer ein person som berre jobbar og fokuserer på friluftsliv i kommunen. Grunnen til dette er at friluftsliv ikkje er så høgt prioritert i planar og budsjett og fell litt vekk frå fokuset. Men her kjem spørsmålet skal/bør. Er dette noko kommunen skal eller bør bruke ressursar på?

Folkehelse råd gjevar meiner at eit felles forankringspunkt gjennom eit råd, ein tilsett i kommunen, eller ved å ha faste møter kan gjere det enklare å få oversikt over kva behov som finnast «der ute».

I etterkant av intervjuet kom det ein mail frå folkehelse råd gjevar som gjaldt slike ressursar. I 2015 pågjekk det eit forprosjekt om etablering av eit friluftsråd i distriktet. Eit friluftsråd er eit interkommunalt samarbeidsorgan som skal ivareta friluftsoppgåver for medlemskommunane, og kan fungere som ein møteplass mellom myndigheiter og brukarar. Rådet kan bidra med tilrettelegging for friluftsliv og styrke kompetanse lokalt, utfylle og støtte opp om dei frivillige organisasjonane sitt arbeid. I dette tilfellet skulle friluftsrådet for



dette distriktet bidra med blant anna kompetanse, høyringsorgan, kartlegging, sikre/ vedlikehalde friluftsområde, skilting og merking (Blakset, 2015). Eit slikt friluftsråd vart aldri noko av fordi for få kommunar var positive til prosjektet. Sidan dette ikkje vart noko av, er det no ei ny sak om kommunen skal melde seg inn i eit anna eksisterande friluftsråd.

## **4.2 Frivillig sektor si rolle**

### **4.2.1 Aktør 3 Turlaget**

Turlaget er eit lokallag av den nasjonale organisasjonen Den norske turistforeining, og er ein frivillig organisasjon som er dugnadsbasert. Datainnsamlinga om dette turlaget gjekk føre seg over telefon og nokre dokument som eg fekk tilsendt. Respondenten fortalde at noko av arbeidet til turlaget går ut på å vedlikehalde stiar og turvegar, merke dei, finne att gamle stiar og gjere dei meir synlege. Her har dei mange prosjekt som pågår og etterspurnaden er stor frå dei ulike bygdelaga. Turlaget er avhengige av at folk ynskjer denne graderinga sidan dei ikkje kan gjennomføre for eksempel rydding av sti utan samtykke frå grunneigar.

Respondenten for turlaget nemner også at dei har drifta på den lokale dagsturhytta, men at det er kommunen som er ansvarlege og som må sende inn søknadar og støtte. Dagsturhytta er eit flott tilbod for innbyggjarane, men han er ueinig i plasseringa av hytta. Grunnen til dette er at hytta ikkje er tilgjengeleg for barnevogner og rullestol, og meiner ei anna plassering kunne bidratt til at hytta vart tilgjengeleg for alle.

Personen eg var i kontakt med uttrykkjer at han også er ueinig med kommunen på andre områder. Han har nemleg sendt inn innspel til den nye kommunedelplanen angående delen om kultur og idrett. Fokuset på friluftsliv fell vekk om ikkje denne kommunedelplanen kallast for kultur, idrett og friluftsliv meiner han. Dette er for å indikere at ein har som mål at helsefremjande tiltak som for eksempel turlag, speidar og 4H har like stor plass i planen som kultur og idrett. Han er einig i at idrett er

helsefremjande, men at her ligg prestasjonskrav i bakkanten, noko som ikkje passar for alle. I det store biletet ynskjer han eit større fokus på friluftsliv og like mykje fokus på tilrettelegging av fysisk aktivitet for grupper i samfunnet som ikkje fell inn under idrett.

#### **4.2.2 Aktør 4 Idrettslag**

Under vegs i denne forkinga skapte det seg eit inntrykk av at dei lokale idrettslaga rundt om i kommunen har ei viktig rolle når det gjeld å legge til rette for og halde ved like nærturar. Derfor vart det eit kort intervju med eit av desse idrettslaga. Intervjuet vart opna med spørsmål om «kva rolle dei som idrettslag har for å skape og legge til rette for nærturar?». Respondenten svara at idrettslaget stod for ein del organiserte turar, der ein også har eiga tur- og trimgruppe. Dette inneberer barnetrim, fjelltrim og supertrim, der ein har etablerte postar i fjellet, på stiar og skogsvegar. Postane blir flytta på regelmessig slik at ein får nye turar å gå på, samtidig som ein opprettheld alle stiane. Eit element som gjekk igjen under heile samtalen var at ein er svært avhengige av eldsjeler, dugnad og frivillig arbeid. Skogsvegar er som regel opparbeida av bønder, der ein også har laga til benkar og rasteplassar. Her har også bygdeutviklingslaget ei rolle. Merking av turløyper har både privatpersonar gjort, gjennom merking-prosjektet (som vi kjem tilbake til) og gjennom støtte frå kommunen. Elles er mykje rydding og vedlikehald gjort av bygdefolket på dugnad. Det verkar som sti- og løypenetta blir mykje brukt i lokalområda.

Noko som er ynskja i dette lokalsamfunnet er betre kart som viser kvar stiar og turvegar er og kor ein faktisk kan bevege seg i naturen. Men kommentar frå respondenten var *«når man først begynner å legge til rette for parkering og skilt inneberer det søppelkasse osv. Det forpliktar og ting vil «balle» på seg»*.

Ein opplever også at det er lite samarbeid med den offentlege sektor utanom støtte av og til, og mykje skjer på eige initiativ. Det verkar som det ikkje er stor satsing på friluftsliv frå kommunen si side. I tillegg

opplever dette idrettslaget som ligg i utkanten av sentrum at det er forskjell mellom utkantbygder og sentrum. Sentrum får mykje meir støtte, medan i utkantbygdene skjer fleire ting på dugnad og ein er nøydd til å gjere ting sjølve for å få ting gjort.

#### **4.3 Aktør 5 Reiselivsfirma- prosjekt**

Eit godt eksempel på samarbeid er prosjektet om merking av løyper og stiar. Eit reiselivsfirma eg kontakta sendte meg sluttrapportane på eit prosjekt som har gått føre seg mellom 2011 og 2014. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom reiseliv, lag og organisasjonar i denne regionen, der ein i fellesskap har profesjonalisert merkinga og graderinga av turstiar. Også kommunane har vore engasjerte lokalt. På alle skilta og informasjonstavlene står det kva lag som er ansvarlege for løypa, og det er desse organisasjonane eller laga som har ansvaret for drift og vedlikehald. I tillegg har desse også samla inn grunneigaravtaler for turane dei er ansvarlege for. Hovudmålet med prosjektet var å sikre gode og trygge naturopplevingar for alle brukargrupper. Det er reiselivsfirmaet som stod for all koordinering for å sikre ei betre samordning. Turlag, lag, organisasjonar har vore engasjerte lokalt der ein har lagt ned stor dugnadsinnsats for å skilte turane. Målet var at dei beste turane og turar som gagnar alle er merka, gradert og tilrettelagt på best mogleg måte. Resultatet førte til store positive ringverknadar til reiselivsnæringa og innbyggjarane. Prosjektet løfta fram heile regionen og fått stor merksemd som igjen fører til fleire aktive (Sluttrapport for tildelingar i 2011, 2011).

#### **4.4 Privat sektor - Aktør 6 Turløype**

I kommunen og lokalområde eg undersøkte finnast det ein organisasjon som driv med turløyper og er ein viktig del av nærturtilbodet. Derfor er denne aktøren med i denne undersøkinga. For å få informasjon om Aktør 6 leste eg info på deira nettside og tok kontakt med dagleg leiar. Respondenten og eg hadde ein kort samtale over telefon der respondenten fortalde litt om verksemda og ulike samarbeid. Verksemda er eit prosjekt og spleiselag mellom offentleg sektor, private og idrettslag. Konseptet er eigd av eit idrettslag, men det er verksemda «Turløyper»

som har driftsansvaret for turløypene. Dei står også for det økonomiske og praktiske angående stinettet, preparering av skiløyper, skilting og vedlikehald. På nettsida står det at *«drivkrafta har vore å få tilrettelagt eit løypenett der folk får lyst til å kome seg ut for tur og rekreasjon, -både vinter og sommar»* (Om oss, 2020). Respondenten fortel at verksemda er viktige for turtilbodet både vinter og sommar og opplev at folk set stor pris på arbeidet.

Grunnen til at eg tar med denne verksemda i denne undersøkinga er fordi verksemda står for ein stor del av turtilbodet i området, og har blant anna eit samarbeid med kommunen. Sjølv om det er eit privat selskap med tilsette, brukar den daglege leiaren mykje av fritida si på å vedlikehalde og drifte desse turløypene på dugnad. For å drifte anlegget søker verksemda til kommunen kvart år om økonomisk støtte, og får mykje hjelp der. Dei har også fått støtte frå fylkeskommunen til opparbeiding, og har elles mange sponsorar. Respondenten fortel at kommunen har vore hjelpsame når det kjem til å sikre ein del av løypenettet for bruk til nettopp dette. Kommunen har statleg sikra området og laga avtale med grunneigar, noko som er ein viktig del for å kunne gjennomføre slike løypenett. Respondenten er klar på at all økonomisk støtte som blir gitt til «Turløyper» skal brukast til turløyper og ikkje økonomisk vinning, men at dei må betale tilsette, innleigde personar og vedlikehald av dyre maskiner og utstyr. Dei er baserte på å få inn pengar for å kunne drifte anlegget.

#### **4.5 Oppsummering av empiri**

For å summere opp innsamla data er det mange ulike aktørar som bidreg i arbeidet for nærtur. Desse aktørane gjer det også mogleg for innbyggjarane, både i denne, men også nærliggande kommunar å bruke naturen på ein bra måte. Dei viktigaste oppgåvene til kommunen er å legge til rette, kartlegge, ha god dialog med grunneigarar og statleg sikre område. Sjølv om kommunen har ulike samarbeidsprosjekt, som blant anna dagsturhytta, seier kommunen at dei er avhengige av private personar på dugnad, og frivillige organisasjonar som idrettslag og

bygdelag for å vedlikehalde stiar og turvegar. Det kjem fram at det er for lite fokus på friluftsliv i den kommunale planlegginga, og at ein gjerne skulle satt inn meir ressursar på dette.

Den frivillige sektoren har ei viktig rolle når det kjem til vedlikehald av nærturane og ein avhenger av frivillig innsats og dugnad. Etter å ha snakka med ulike aktørar innanfor den frivillige sektoren er inntrykket at nærturtilbodet i kommunen er god og vedlikehaldet er bra, takka vere det frivillige arbeidet.

## **5. Drøfting**

I dette kapitlet skal eg kople empirien opp mot teorien om folkehelsearbeid, samordning og samskaping. Korleis er friluftsliv tatt vare på i folkehelsearbeidet, og korleis er samarbeidet mellom kommunen og den frivillige sektor når det gjeld friluftsliv? Dette vil bli diskutert i dette kapitlet, der det til slutt vil bli eit konkluderande kapittel om problemstillinga.

### **5.1 Folkehelsearbeid**

Vi skal sjå nærare på korleis samarbeidet mellom offentleg og frivillig sektor er i denne kommunen, men først må ein sjå på korleis folkehelse og friluftsliv er tatt vare på i folkehelsearbeidet og planane til kommunen. I tidlegare kapittel har ein sett at kommunar i dag må ha eit større fokus på friluftsliv når det gjeld folkehelsearbeid og planstrategiar. Korleis var dette gjennomført i kommunen eg undersøkte?

I planstrategien til kommunen for 2016-2020 er friluftsliv omtalt, der dei skriv at å legge til rette for friluftsliv er eitt av dei viktigaste tiltaka for folkehelsa (Planstrategi, 2020). Nokre konkrete eksempel på arbeidet med dette er at kommunen har sørga for statleg sikring på to område, blant anna sti og løypenettet som vart omtalt tidlegare i teksten. Det har også vore arbeid med tilrettelegging for ein permanent turveg i nærområdet. Vidare står det i planstrategien at gjennom Nasjonal strategi er målet at kommunar skal kartlegge og verdsetje dei viktigaste friluftsområda. Dette kjem fram på nettsida til kommunen er gjort i 2017 og 2018, og er ei

kartlegging av ein «no-situasjon» for noko som er dynamisk sidan friluftsområda stadig er i forandring (Friluftslivsområde i kommunen, 2020).

I planstrategien til kommunen ynskjer ein å etablere eit friluftsråd som ville ha avlasta kommunen i arbeidet for eit meir aktivt friluftsliv og gitt fokus på dette (Planstrategi, 2020). Dette var også eit tema som dukka opp under dei to intervju med representantane frå offentleg sektor, der ein ynskjer auka ressursar innan planlegging for friluftsliv. I dette legg dei at ein gjerne skulle hatt nokre tilsette innanfor dette området, som berre kan fokusere på friluftsliv og at befolkninga såleis har nokon å henvende seg til. Her kjem spørsmålet skal/ bør. Sjølv om kommunen har bruk for slike ressursar, er det ingen lover og reglar som pålegg for eksempel eit friluftsråd eller ein tilsett innan dette område.

Som representantane frå kommunen nemner, treng ein meir ressursar som kan jobbe med friluftslivet i kommunen. I dette ligg det oppfatning om at dei meiner friluftsliv ikkje får nok fokus. Dette er også Aktør 3 einig i. Han meiner organisert idrett tar mykje av fokuset, og at satsinga på friluftsliv fell vekk. Det verkar som kommunen har friluftsliv med i både planstrategien og i kommunedelplanen, men fokuset er ikkje så stort som det burde vore.

## **5.2 Samordning og samskaping**

Så er det korleis samarbeidet mellom offentleg og privat sektor er og kven er det som eigentleg skapar moglegheiter og legger til rette for nærturar?

Som nemnt tidlegare står det blant anna i folkehelselova og plan- og bygningslova at det bør finnast ei form for samordning når det kjem til folkehelsearbeid og planlegging. I dette tilfellet står ein ovanfor horisontal samordning med mjuk regulering (sjå kap. 2.3) (Amdam & Veggeland, 2016, ss. 83-89). I det større bildet finnast det også ei form for vertikal samordning der kommunen er under hard regulering. Staten gir kommunane retningslinjer om korleis ein skal fokusere på friluftsliv i

planar og budsjett, og den harde reguleringa går føre seg gjennom lover og regelverk. I tillegg blir statlege midlar fordelt på kommunar.

Den horisontale samordninga er mellom kommunen og frivillig sektor. Gjennom dialog og opplysning får private og frivillige i denne kommunen tillit og respekt til den offentlege sektor (Amdam & Veggeland, 2016, ss. 83-89). Aktør 2 påpeika at dette var eit viktig element, og at utan eit godt samspel med grunneigarar, private og frivillige vil ein ikkje kome langt i tilrettelegginga mot friluftsliv og nærturar.

Ved bruk av mjuk regulering der ein har felles mål og verdiar, tvingar ein ikkje frivillig sektor til innsats, slik at innsatsen og lysta forsvinn. I denne samanhengen kan ingen pålegge nokon å gjere noko, ein er avhengige av å ha alle aktørane med (Amdam & Veggeland, 2016, ss. 83-89). Eit eksempel på mjuk regulering er friluftsrådet som vart omtalt tidlegare. Eit slikt råd kan skape felles mål og verdiar og gjennom denne felles plattformen blir det lettare å kommunisere og samarbeide. Her får også brukarane fram si stemme og dei frivillige laga får gitt innspel her. Dette bidreg til betre dialog der alle blir sett og høyrte.

Kommunen har ei viktig rolle, der dei sit på tilskot og midlar som kan tildelast til lag og organisasjonar som ynskjer dette i arbeidet for nærtur. Her kjem utfordringa med for lite ressursar. Som Aktør 1 og Aktør 2 har påpeika, er det mangel på for eksempel eit friluftsråd eller ein tilsett i kommunen som frivillige, lag og organisasjonar kan henvende seg til ved slike søknadar. Det kan vere vanskeleg å vite kven ein skal søke om støtte til og når slike prosessar burde skje. Eit større fokus på friluftsliv og meir ressursar til dette kunne gjort denne prosessen enklare.

Ei anna viktig rolle kommunen har er å nytte seg av den statlege ordninga der kommunen kan søke midlar gjennom Miljødirektoratet for enten å kjøpe ut eller inngå avtalar med grunneigar, og på det viset, sikre friluftslivområde. Statleg sikring vil ivareta og legge til rette for at slike område kan brukast av både dagens befolkning og for dei framtidige

generasjonane. I dag har kommunen to slike område, blant anna sti- og løypenettet, der Aktør 6 Turløype står for drifta. Denne sikringa har vore viktig for dette friluftslivområde, og Aktør 6 seier at utan kommunen si hjelp her, ville det ikkje eksistert eit slikt løypenett i dag.

Når det gjeld rolla til den frivillige sektoren, er dei viktige rundt vedlikehald av stiar og turvegar. Idrettslaga gjer mykje av arbeidet på dugnad, og ved hjelp av trimpostar som blir regelmessig flytta, vil alle stiane bli brukt og ingen stiar vil gro igjen. Det lokale turlaget merkar løypene, reparerer og ryddar stiar. Prosjektet med Aktør 5 som omhandla merking av stiar har gradert stiane, og gjort dei meir synlege for turgåarar. Dette viser også at løypene har ulik vanskeleggrad, slik at kvar enkelt kan vurdere om turen passar for dei. Ein ser også at bønder er viktige for at skogsvegane finnast, og eldsjeler som er med å rydde og markere stiar.

Resultatet av denne undersøkinga viser at mykje av aktiviteten er basert på frivillig arbeid og at samarbeidet med kommunen i liten grad er formalisert. På det viset blir det opp til kvar enkelt frivillig aktør kor mykje vedlikehald og tilrettelegging det blir gjort rundt om i lokalområda. Samarbeidet som finnast i dag skjer gjennom dialog med aktuelle personar og gjennom støtte til både frivillige og private lag. Spørsmålet er om samarbeidet burde vore formalisert i større grad. Dagens situasjon berer preg av at frivillige, private personar, bønder og eldsjeler opprettheld nærturane i stor grad. Derfor er det viktig at det eksisterer eit godt samarbeid mellom offentleg, frivillig og privat sektor. Det bør vise igjen i den kommunale planlegginga, og ikkje minst bør det finnast øyremerkte ressursar i kommunen til å bistå og legge til rette arbeidet for dei som yter frivillig innsats.

Funna i denne undersøkinga vil nok gjelde mange andre kommunar i Norge, der friluftslivet både har lite fokus i den offentlege planlegginga og forvaltninga, noko rapporten frå NMBU også viser (Thorén, 2018). I forhold til idretten som har sterke organisasjonar og tilhøyrande



støttefunksjonar er friluftslivet i mindre grad organisert og manglar ressursar i det offentlege som har dette som si oppgåve.

Om samskaping i større grad hadde vore nytta i samband med friluftsliv og nærtur, ville det for det første innebere ei meir sikra og berekraftig framtid for friluftsliv i kommunar rundt om i Norge. Samskaping fører også til at ressursar og kunnskap som det offentlege, private og frivillige har kvar for seg, blir slått saman og skapar ei effektiv og framtidig utvikling for gode moglegheiter for nærtur og friluftaktivitetar (Røiseland & Lo, 2019). Det ville skapt ei organisering av friluftslivet.

Løysinga for å formalisere og organisere friluftsliv i større grad kan vere samskaping gjennom eit friluftsråd. Dette gjeld ikkje berre denne kommunen, men også andre kommunar. Det finnast allereie friluftsråd rundt om i Norge, men ikkje alle kommunar er medlem her enda (Om friluftsråd, 2020). Eit friluftsråd sørger for at både offentlege og private/ eller frivillige aktørar samarbeida gjennom å dele kunnskap og ressursar. Det fungerer som ei plattform med felles verdiar, der ein finn løysingar saman i fellesskap. Plattformen vil sørge for at alle får tilgang til same informasjon, god dialog og at ein tek vare på kvarandre sine ressursar. Å dele kunnskap og involvere kvarandre vil skape effektivitet. (Nysveen, Thorbjørnsen, & Pedersen, 2012). Friluftsrådet er eit eksempel på konservativ samskaping der profesjonelle og brukarar samarbeida. Men gjennom eit likeverdig samarbeid mellom offentleg og sivile aktørar, der brukarar kan kome med innspel, er dette også ei form for radikal samskaping (Røiseland & Lo, Samskaping- nyttig begrep for forskere og praktikere, 2019). Ei slik samskaping kan også bidra til eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid. Slike friluftsråd vil formalisere friluftslivet i større grad og føre til eit større fokus. Eit større fokus kan bidra med at menneske blir meir aktive i friluftslivet og at kommunar satsar meir på friluftsliv.

## **6. Konklusjon**

Tilbake til problemstillinga: «Korleis er samarbeidet mellom kommunen og den frivillige sektor for å skape og legge til rette for gode tilbod for nærtur?» Som eit resultat av denne undersøkinga er ikkje samarbeidet så veldig omfattande, og inntrykket er at aktørane ikkje er heilt klar over at ein samarbeida. Frå den frivillige sektoren si side verkar det som at dei ser på kommunen som ei hjelpestøtte, der ein kan søke om midlar og tilskot. På den andre sida, bidrar kommunen med å inngå avtalar eller kjøpe ut friluftsområde slik at dei kan nyttast til friluftsliv. I tillegg forhandlar dei og har dialog med blant anna grunneigarar og private. Den offentlege sektor ynskjer slik som den frivillige sektoren, at fokuset hadde vore større på friluftsliv, og at det skulle blitt etablert eit friluftsråd eller hatt ein tilsett i kommunen som fokuserte på friluftsliv. Det kjem klart fram i undersøkinga at den offentlege sektoren er avhengige av dei frivillige for å skape og oppretthalde nærturane.

## 7. Referanser

- Amdam, J., & Veggeland, N. (2016). *Teorier om samfunnstyring og planlegging*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Blakset, A. H. (2015). *Forprosjekt- Friluftsråd for Nordfjord*. Reismål Stryn & Nordfjord.
- Dagsturhytta*. (2017, September 28). Hentet Mai 29, 2020 fra Sogn og Fjordane fylkeskommune: <https://www.sfj.no/dagsturhytta.6032853-430892.html>
- Folkehelse*. (2020, Februar 6). Hentet Februar 6, 2020 fra Regjeringen.no: <https://www.regjeringen.no/no/tema/helse-og-omsorg/folkehelse/id10877/>
- Folkehelseloven*. (2020, Februar 13). Hentet fra Lovdata: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29?q=folkehelse>
- Friluftsliv*. (2020, Februar 6). Hentet fra Stryn Kommune: <https://stryn.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/idrett-og-friluftsliv/friluftsliv/>
- Friluftslivet i et folkehelseperspektiv*. (2020, Mars 11). Hentet fra Den Norske Turistforening: <https://www.dnt.no/friluftsliv-og-folkehelse/>
- Friluftslivsområde i kommunen*. (2020, Mai 25). Hentet fra Stryn kommune: <https://stryn.kommune.no/nytt-fra-kommunen/friluftslivsomrade-i-kommunen.7691.aspx>
- Friluftslivsområder i kommunen*. (2020, Mai 14). Hentet fra Stryn kommune: <https://stryn.kommune.no/nytt-fra-kommunen/friluftslivsomrade-i-kommunen.7691.aspx>
- Hagelin, S., & Goth, U. S. (2015, Juli 17). Frivillighet og sårbare grupper. *Idunn*, ss. 63-64. Hentet Mars 2, 2020 fra [https://www.idunn.no/plan/2015/03-04/frivillighet\\_og\\_saarbare\\_grupper](https://www.idunn.no/plan/2015/03-04/frivillighet_og_saarbare_grupper)
- Halvorsen, K. (2008). *Å forske på samfunnet*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- (2018). *Helsetilstanden i Norge 2018*. Helse og ulikhet. Oslo: Folkehelseinstituttet. Hentet Mars 17, 2020 fra <https://www.fhi.no/globalassets/dokumenterfiler/rapporter/2018/helsetilstanden-i-norge-20182.pdf>
- Hva fysisk aktivitet gjør med kroppen*. (2020, Februar 13). Hentet fra Helse Norge: <https://helsenorge.no/trening-og-fysisk-aktivitet/hva-fysisk-aktivitet-gjor-med-kroppen>
- Jacobsen, D. I. (2018). *Hvordan gjennomføre undersøkelser?* Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Larsen, Ø., Ridderström, G., & Nylenna, M. (2018). *Planlegging for helse og trivsel*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Lillefjell, M., Knudsen, M., & Wist, G. (2011). *Kunnskapsbasert folkehelsearbeid*. Trondheim: HIST/NTNU.
- (2010). *Merking og gradering av turløyper på Vestlandet*. Voss: Forum for natur og friluftsliv.
- (2013). *Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv*. Oslo: Miljøverndepartementet.
- Norheim, O. F. (2018, Oktober 15). Hva er folkehelse? *Dagens medisin*, s. 1.
- Nylenna, M., & Braut, G. S. (2020, Februar 6). *Folkehelse*. Hentet fra Store medisinske leksikon: <https://sml.snl.no/folkehelse>

- Nysveen, H., Thorbjørnsen, H., & Pedersen, P. E. (2012, Mars). Samskaping og innovasjon. *Magma*, ss. 26-34. Hentet Mai 2020 fra <https://www.magma.no/samskaping-og-innovasjon>
- Nysveen, H., Thorbjørnsen, H., & Pedersen, P. E. (2020, Mars 2). Samskaping og innovasjon. *Magma*, ss. 26-34.
- Om friluftsråd.* (2020, Mai 29). Hentet fra Friluftsrådernes Landsforbund: <https://www.friluftsrad.no/medlems-friluftsrad/om-friluftsrad>
- Om oss.* (2020, Mai 6). Hentet fra Turløyper Stryn: <http://www.xn--strynturlyper-jnb.no/index.html>
- Plan- og bygningsloven.* (2020, Februar 13). Hentet fra Lovdata: <https://lovdata.no/pro/#document/NL/lov/2008-06-27-71?searchResultContext=1883&rowNumber=1&totalHits=7648>
- Planstrategi.* (2020, Mai 8). Hentet fra Stryn kommune: <https://stryn.kommune.no/tenester/teknisk-plan-og-byggesak/planar-og-samfunnsutvikling/planstrategi/>
- Røiseland, A., & Lo, C. (2019, April 4). Samskaping- nyttig begrep for forskere og praktikere. *Norsk Statsvitenskapelig tidsskrift*, ss. 51-58. Hentet Februar 26, 2020 fra [https://www.idunn.no/stat/2016/01/samskapelse\\_er\\_bedre\\_og\\_billigere](https://www.idunn.no/stat/2016/01/samskapelse_er_bedre_og_billigere)
- Røiseland, A., & Vabo, S. I. (2016). *Styring og samstyring*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Skjeggedal, T., Vistad, O. I., & Thorèn, K. H. (2019, Desember 17). Planlegging for nærtur og folkehelse. *Kart og plan*, ss. 241-257.
- (2011). *Sluttrapport for tildelingar i 2011*. Sogn og Fjordane: Gjensidigestiftelsen.
- Statistikk om fysisk aktivitetsnivå og stillesitting.* (2020, Mars 11). Hentet fra Helsedirektoratet: <https://www.helsedirektoratet.no/tema/fysisk-aktivitet/statistikk-om-fysisk-aktivitetsniva-og-stillesitting#kartlegging-av-fysisk-aktivitet>
- Sundby, I. J., & Vemundvik, S. (2014). *Tre prosjekter for styrket koordinering*. Oslo: Difi.
- Søke om statlig sikring av friluftslivsområder.* (2020, Mai 12). Hentet fra Miljødirektoratet: <https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/friluftsliv/soke-om-statlig-sikring-av-friluftslivsomrader/>
- Thorèn, K. H., & Grande, T. R. (2018). *Planlegging for nærtur*. NMBU.
- Thorén, K. N. (2018). *Studie av kommunal og fylkeskommunal planlegging for nærtur. Om kommunal og regional planlegging for etablering av turveier og turstier i nærmiljøet*. Ås: Norges miljø- og biovitenskapelige universitet .
- Thorsnæs, G., & Askheim, S. (2020, Februar 6). *Stryn*. Hentet fra Store norske leksikon : <https://snl.no/Stryn>
- Torfing, J., Sørensen, E., & Røiseland, A. (2016, Mars 28). Samskapelse er bedre og billigere. *Idunn*, ss. 10-14. Hentet Februar 26, 2020 fra [https://www.idunn.no/stat/2016/01/samskapelse\\_er\\_bedre\\_og\\_billigere](https://www.idunn.no/stat/2016/01/samskapelse_er_bedre_og_billigere)

## **Vedlegg- intervjuguide 1**

### Intervjuguide Offentleg sektor

1. Korleis har Stryn klart å skape dei gode turløboda som finnast i dag? Ein har jo blant anna sti- og løypenett til Ullsheim, dagsturhytta, og elles flotte turløyper.
2. Kva rolle har kommunen for å skape gode nærturløp?
3. Kven samarbeider de med og kva går dette samarbeidet ut på?
4. Samarbeider de med den frivillige sektoren?
  - a. Er der nokre utfordringar? Kva handlar desse om?
5. Er de avhengig av den frivillige sektoren for å skape dei gode tilboda?
6. Idretten er jo organisert og har mange støttefunksjonar. Savna dokke støttefunksjon til friluft?

## **Vedlegg- intervjuguide 2**

### Intervjuguide Turlag

1. Kva rolle har de for turløboda i området?
2. Kven samarbeider de med, og kva går dette samarbeidet ut på? Har de eit samarbeid med kommunen?
  - a. Korleis er desse samarbeida? Evt utfordringar?
3. Kven er det som opprettheld og vedlikeheld stiar og turveggar i området?
4. Er området avhengige av dokke for å skape og oppretthalde stiar og turveggar i nærområdet?

### **Vedlegg- intervjuguide 3**

#### Intervjuguide Idrettslag

1. Kva rolle har de som idrettslag å skape og legge til rette for nærturar?
2. Har de organiserte turar?
3. Kven er det som opprettheld og vedlikeheld stiar og turvegar i nærområdet?
4. Kven samarbeider de med, og kva går dette samarbeidet ut på? Har de eit samarbeid med kommunen?
  - a. Korleis er desse samarbeida? Evt utfordringar?
5. Er de med på vedlikehald? (merking, rydde stiar osv)
  - a. Parkering, toalett, turbøker osv..

### **Vedlegg- intervjuguide 4**

#### Intervjuguide Turløype

1. Kva rolle har de for å utvikle og skape gode turtilbod?
2. Har de frivillig arbeid og dugnad?
3. Korleis er samarbeidet med kommunen?
  - a. Evt. mål og utfordringar?